

Messingtonar frå halve klassen.

03.04.2009



Harald Myklebust Lekva (frå venstre, althorn), Sindre Ullebust Feet (kornett) og Mia Storevik Myklebust (baryton) fekk alle flott lyd i instrumenta sine. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det var god stemning i skulen torsdag kveld då skulemusikken inviterte til informasjonsmøte for aktuelle aspirantar. Seks ivrige og forventningsfulle andreklassingar møtte opp saman med foreldre og fylte rommet med flott messingklang.



Emilie Bringedal (t.v. baryton) og Anna Zofia Fonn (althorn) var kjempefornøgte med tonene dei fekk fram. (Foto: Thor Inge Døsland)
- Dette var skikkeleg gøy. Halve andreklasse er jo her, og så er dei jo så ivrige og flinke, sa ei fornøgd Monica Storevik frå skulemusikkstyret som var ei av dei som tok mot kandidatane. Etter tur fekk dei prøva ulike instrumenttypar som kornett, althorn og baryton. Alle imponerte og fekk flott lyd i dei ulike instrumenta.



Sunniva Ersland Myklebust fekk flott tone i dei instrumenta ho prøvde. (Foto: Thor Inge Døssland)

I tillegg til instrumentprøving fekk dei enkel servering. Det var og litt informasjon om skulemusikken og ein kort gjennomgang av korleis ein går fram for å verta aspirant. Dei må då søkja seg inn i kulturskulen som aspirant. Dette kan dei gjera nettsida til kulturskulen, eller på vanleg papirskjema. Som elevlar i kulturskulen får dei opplæringa like etter skuletid, gjerne i SFO-tida dersom dei har plass i denne ordninga. Etter eit år som aspirant er det vanleg at dei tar steg frå aspirant og vert musikant og medlem i korpset. Dersom det er nokon som ikkje var på møtet torsdag, som ønskjer å verta aspirant, er det berre å søkja på vanleg måte. Ein skal ikkje bestemma seg for instrument før søknaden; - berre søkja som aspirant. Men instrumentprøving kan ordnast dersom ein tar kontakt med Monica (930 39 091) eller Torunn (905 33 304). Dei kan og svara på spørsmål i samband med søknaden. Søknadsfristen er 15. april.

Å byrja som aspirant er starten på ein flott hobby som ein kan ha stor glede av i svært mange år. Dessutan er det og ein hobby til stor glede for andre.

Av Thor Inge Døssland